

## Styremøte Norsk spaniel klubb avdeling Rogaland 12. Juni 2017.

Innkalt av: Leiar Eva Bjelland.

Møtetype: Styremøte.

Deltakarar: Eva Bjelland, Aina Sunde Dahl, Ketil Simonsen og Hans Hodne.

Sak ein: Referat frå forrige møte. Godkjent.

Sak to: Treningsplass. Dugnad er planlagt, og vert gjennomført tirsdag 13. Det bør lagast nokre enkle reglar for bruk av området, når alt er i orden. Eva legg ut litt informasjon om området på facebook.

Sak tri: Årshjul. –Sauereinheitskurs vert i løpet av nå snart. (Juni-Juli) Kostar 400kr, og vert lagt ut på facebook når tidspunkt er bestemt.

–Kasserar treng å få skikkeleg oversikt over deltakarar på forskjellige kurs og arrangement. Det vert laga eit oppleg i drop boks, der me kan leggja dette inn. Kasserar ynskjar og å få oversikt over varebeholdning, og alle innkjøp.

Til handlarkurs har utstillingskomiteen fått tak i XInt Mark som instruktør. Det vert forhåpentlegvis veldig bra.

–Matshow den 14. Juni er og planlagt, og vert gjennomført.

–Jaktanleggsprøve kurs 17 og 18. Juni. Det vert ein teoridel heime hjå Eva og Tor Magne. Stad for praksisdel er ennå ikkje heilt klart, men det ordnar seg nok.

–Det vert jaktanleggs og apport prøve på Horve 26. August. Tor Magne er dommar.

–Familedag på Horve 27. August. Aktivitetar: - Agility. (Rita og Siw) -Vatn og landapport. (Hans)

-Demo av rallylydigheit. (Aina og Kjersti) -Spor. (Sylvelin) -Innkallingsløp med hindringar.(Ketil) -Matchshow. (Bente og Anita)

Kiosk: Rut og Eva. (Innkjøp) Kake: Ketil, Eva, og Anita. Grillen: Hans.

Premiar. ( To til løp. Og til matchshow): Siw. Skilting: Ketil. Foto: Hans. Hugs bøker for salg, og søppelsekkar. Kontantar: Hans og Aina ordnar. Eva sender ut huskeliste.

Jaktprøve i ølen: Datoar sett til 7 og 8 oktober.

Jaktprøve på Åsvoll i Sokndal 4 og 5 november.

Jaktprøvar på Jæren, med Wenche Farstad, 2 og 3 desember.

-Me må få søkt NKK om støtte til det nye treningsområdet. Det må lagast ein rekneskap, som og inkluderar dugnadstimar.

Neste møte etter planen den 22. August. Heime Hjå Hans.